

Møteinkalling

Utval: Nærøyfjorden verneområdestyre

Møtestad: Gudvangen Fjordtell

Dato: 20.10.2021

Tidspunkt: 09:30 – 12.30

Liten synfaring ved Stalheimskleiva kl 09.30.

Styremøte på hotellet i Gudvangen etter synfaringa.

Lunsj kl 12.00.

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 97567934 eller e-post:
joval@statsforvalteren.no.

Saksliste

| Utvals-saksnr | Innhald | Lukka | Arkiv-saksnr |
|---------------|--|-------|--------------|
| ST 64/21 | Godkjenning av innkalling og dagsorden | | |
| ST 65/21 | Val av styremedlem til å skrive under protokollen | | |
| ST 66/21 | Orienterings- drøftings- og referatsaker - Status tiltaksplan | | |
| RS 12/21 | Framdriftsplan - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Langhuso - deponi ved Gudvangatunnelen- Statens vegvesen | | 2021/8184 |
| ST 67/21 | Delegerte saker | | |
| DS 24/21 | Deleget vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Snauaset - motorferdsel, helikopter | | 2021/13185 |
| ST 68/21 | Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Skogane - Rognaldskori - merking av sti til nytt utkikkspunkt | | 2021/14253 |
| ST 69/21 | Klagehandsaming - Nærøyfjorden landskapsvernområde - utsiktspunkt Sivlefossen | | 2020/15428 |

ST 64/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 65/21 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

ST 66/21 Orienterings- drøftings- og referatsaker

**RS 12/21 Framdriftsplan - Nærøyfjorden landskapsvernområde -
Langhuso - deponi ved Gudvangatunnelen- Statens vegvesen**

ST 67/21 Delegerte saker

**DS 24/21 Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde -
Snauaset -motorferdsel, helikopter**



Arkivsaksnr: 2021/14253-0

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 08.10.2021

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|-------------------------------|-----------|------------|
| Nærøyfjorden verneområdestyre | 68/21 | 20.10.2021 |

Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernombord - Skogane - Rognaldsskori - merking av sti til nytt utkikkspunkt

Innstilling frå forvaltar

Arild Dyrdal får løyve til å rydde og merke sti frå Skogane til Rognaldsskori. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord § 3, punkt 1.3 c).

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

- Stien skal leggast slik at den i størst mogleg grad unngår fuktdrag og våte parti der det fort vil bli stislitasje.
- Det skal gjennomførast enkel stitilrettelegging. Mellom anna kan det flyttast på stein i terrenget for å lage ein god stitrásé. Det kan leggast enkle treklopper i våte parti.
- Det skal ryddast skog og kratt langs stitraseen. Gamle og særmerkte tre skal ikkje hoggast. Det kan ryddast i ei breidde på inntil 2 meter.
- Stien må merkast tydeleg. Malte trebitar hengane i trea er ein god merkemetode. Det skal ikkje malast på berg, store steinar eller store, gamle tre.
- Det skal settast opp retningsskilt på Skogane som viser stien til Rognaldsskori.
- På Rognaldsskori kan det settast opp ei «pilmast», ein stolpe med fleire skilt som peikar ut ulike plassar ein ser. Det kan også lagast ein enkel benk/sitteplass, fortrinnsvis av materialar på staden. Dei store furutrea skal ikkje skadast.
- Tiltakshavar har ansvar for merking og vedlikehald av stien.
- Opparbeiding og merking av stien bør gjennomførast så fort som mogleg våren 2022, slik at det er samsvar med det som blir vist som merka sti på informasjonsskilt i Dyrdal.
- Tilrettelegging og merking av stien skal vere etter avtale med andre grunneigarar i området.

Saksopplysningar




Nærøyfjorden verneområdestyre

Arild Dyrdal søker om å få merke ein ny sti frå Skogane og opp til utsiktpunktet Rognaldsskori. Han vil rydde skog og kratt for å få fram stien og merke den med farga trebitar hengande i trea, ei vidareutvikling av merkinga han har starta med på rundturen til Skogane. Oppe på Rognaldsskori vil han sette opp ei pilmast med piler som viser kva ein ser, t.d. til Tufto, postvegen, fjelltoppar osb. Turstien til utkikkspunktet vil bli teikna inn på kart på skilt som Nærøyfjorden verdsarvpark held på å utforme i Dyrdal.

Søknaden blir vurdert etter:


- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008



Figur 1. Kart utvikla til skilt i Dyrdal.



Nærøyfjorden verneområdestyre



Figur 2. Flyfoto med stiar utvikla til skilt i Dyrdal.

Lovgrunnlaget

Formålet i Nærøyfjorden landskapsvernombanen er definert i verneforskrifta § 2: «Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombanen er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap fra fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter».

I følgje § 3, punkt 1.3 c) i verneforskrifta, kan forvalningsstyrer gje løyve til oppmerking og varding av nye fotturruter.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Rundturen til Skogane er ein fin og barnevenleg tur for dei som ikkje vil ha alt for bratt oppstiging. Ved Skogane kan ein oppleve eit flott, gammalt kulturlandskap. Ved å legge til utstikkaren opp til Rognaldsskori, ca 100 høgdemeter høgre oppe, får ein også god utsikt utover fjordlandskapet. Denne turen kan vere eit flott supplement og truleg ein avlastning for andre populære, men meir strabasiøse, turar i området.

Rognaldsskori er eit platå i skogssida over Skogane, ca 350 meter over havet. Det er eit naturskjønt område med gammal furuskog. Det vart i 2014 gitt løyve til å bygge ei naudnettmaast på Rognaldsskori, så området har ikkje lenger det same urørte preget som



Nærøyfjorden verneområdestyre

tidlegare. Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjorden, skjøtselsplan for Skogane og gjennom synfaringar i området. Det er gamle styringstre i området som viser at området har vore nytta av gardbrukarane på Skogane i tidlegare tider. Det er eit rikt fugleliv og mykje hjort i området. Det er ikkje registrert trua artar eller naturtypar i området som vil kunne ta skade av auka ferdsel (naturbase 08.10.2021). Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt nok til å handsame saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt i saka.



Figur 3. Trass i naudnettmaста som er satt opp er det framleis eit naturskjønt område på Rognaldsskori.



Figur 4. Det er skrått terrenget ned mot fjorden frå Rognaldsskori. Dette kan vere skummelt dersom folk vil lengst mogleg ned på kanten for å ta bilde, men dette er ikkje vurdert å vere verre enn på andre turmål i området.

Fordelen med denne turen framfor andre turar i området, er at turmålet ligg godt nedanfor leveområdet til villreinen. Samtidig kjem du høgt nok opp til å få flott utsikt. Ein kan håpe at marknadsføring av denne turen til ein viss grad kan avlaste andre populære turområde i Dyrdal, som er meir sårbar for slitasje på sårbar vegetasjon og påverknad på villrein.

Det er allereie tursti til Skogane, og det er ikkje venta at ein forlenging av stien opp til Rognaldskori vil føre til ein vesentleg auka belastning på området, jf. nml. § 10. Terrenget og vegetasjonen er ikkje vurdert som spesielt sårbar for slitasje, men dersom stien blir mykje brukt kan det bli ein viss grad av terrenghitasje, spesielt i våte parti. Det er derfor viktig å tenke grundig gjennom kvar ein legg stien for å unngå våte parti, og plassere stien der terrenget toler ein del tråkk.

Området er eit gammalt kulturlandskap, og litt rydding av skog og kratt langs stien vil eigentleg berre vere positivt. Å merke stien ved å henge farga trebitar i trea er ein veldig skånsam merkemetode, som er lett å fjerne igjen. Ei pilmast på toppen som peikar ut det ein ser er eit inngrep som vil vere lite dominerande, men gje god informasjon til dei besøkande. Samla sett blir framgangsmåten vurdert å vere miljøforsvarleg, jf. nml. § 12. Tiltaket vil lite truleg føre til miljøforringing og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

Etter ei samla vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12, meiner forvaltar at tiltaket ikkje vil påverke verneverdiane negativt, og at det kan gjevast løyve til å merke stien til Rognaldsskori.



Arkivsaksnr: 2020/15428-0

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 07.10.2021

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|-------------------------------|-----------|------------|
| Nærøyfjorden verneområdestyre | 69/21 | 20.10.2021 |

Klagehandsaming - Nærøyfjorden landskapsvernombord - utsiktspunkt Sivlefossen

Innstilling frå forvaltar

Alle klagarane har rettsleg klageinteresse jf. forvaltningslova § 28. Klagene blir tatt til følgje, og Nærøyfjorden verneområdestyre avslår Voss herad sin søknad om utsiktspunkt til Sivlefossen slik den føreligg. Avslaget er gitt med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ.

Voss herad er velkomne til å komme tilbake med ein ny søknad om eit mindre utsiktspunkt som ikkje påverkar landskapet i like stor grad, og som er ei sikring mot fosserommet i enden av stien. Eit eventuelt nytt utsiktspunkt må vere betydeleg mindre og kan ikkje henge ut over fosserommet. Utsiktspunktet bør inngå i ein heilskapleg plan for utvikling av området, som også inkluderer planar for nødvendig infrastruktur.

Saksopplysningar

Det har kome inn 4 klager på Nærøyfjorden verneområdestyre sitt vedtak om å innvilge Voss herad sin søknad om utsiktspunkt mot Sivlefossen.

Desse har klaga:

- Statsforvaltaren i Vestland
- Gunnar og Roald Jordalen – nabo
- Eivind Per Sivlesøy – nabo
- Sivle gard v/Randi Engelsen Eide – nabo

Statsforvaltaren i Vestland skriv i si klage at det planlagde inngrepet er for stort til at det kan gjevest løyve til det etter § 48 i naturmangfaldlova. Dei viser til forarbeida til naturmangfaldlova § 48, der det går fram at «denne regelen er ein sikkerheitsventil for særlege tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet. Den er meint for bagatellmessige inngrep eller forbigåande forstyrringar som er av stor betydning for søker.» Statsforvaltaren



meiner at vilkåra i § 48 ikkje er oppfylt med bakgrunn i omfang og utforming av utsiktspunktet.

Dei skriv vidare at «Utsiktsplattforma vil vere godt synleg og dominerande i fosserommet. At tiltaket vil vere lite synleg frå E16, kan ikkje tilleggast stor vekt.» og at «Når ein i landskapet kring Stalheimskleiva har ei mengde gamle kulturminne, skal ein vere varsam med nye installasjonar og inngrep som kan overskygge desse.» Samtidig er ikkje statsforvaltaren heilt avisande til eit utsiktspunkt og foreslår at verneområdestyret eller Voss herad kan utgreie saka vidare for å finne det rette nivået på tiltaket innanfor verneforskrifta. Dei meiner at «Med bakgrunn i dei utbetringstiltaka som skjer i Stalheimskleiva i tida framover, vil det vere god tid til å utgreie saka grundig innanfor vernereglane.»

Statsforvaltaren viser til at «Saka er også prinsipiell og vil kunne ha stor presedensverknad for spektakulære innretningar eller utsiktspunkt i andre verneområde. Vi er kjende med at det finst utsiktsplattformer i andre landskapsvernombjørelse, men desse er langt mindre i omfang og storleik.» Dei viser til at det for tida pågår ein tilsvarende prosess rundt oppgradering av eit eksisterande utsiktspunkt frå 1920-talet, på toppen av Vettisfossen i Utladalen landskapsvernombjørelse, der omfang og val av material er sentralt ved oppgraderinga.»

Naboane legg i sine klagar vekt på at utsiktspunktet vil vere meir synleg enn det Voss herad har lagt fram. Alle dei tre naboane som klagar viser til at dei vil sjå utsiktspunktet godt. Utsiktspunktet vil mellom anna ligge midt i synet frå ei utleigehytte hos Gunnar og Roald Jordalen, og Eivind Per Sivlesøy føler seg allereie beglodd og overvaka av folk som står på dagens utsiktspunkt og tek biletet mot garden hans. Han meiner dette vil bli endå verre med det nye utsiktspunktet. Naboane meiner også at utsiktspunktet vil vere meir synleg frå E16 enn det som har blitt lagt fram frå Voss herad.

Fleire av naboane viser til at dei finaste bilda av Sivlefossen er tatt frå svingane i Stalheimskleiva, og at eit slikt utsiktspunkt er unødvendig for å oppleve fossen. Dei meiner også at det store delar av året vil vere vanskeleg å bruke utsiktspunktet på grunn av kraftig fossesprøyt. Dei meiner utsiktspunktet vil vere skjemmande for naturen og kulturlandskapet. Eivind Per Sivlesøy skriv om morgonsola som ofte lagar ein regnboge over fossen, akkurat der utsiktspunktet er planlagt. Randi Engelsen Eide kallar utsiktspunktet kulturvandalisme, og skriv at det er sjølv sagt at ein gitterkonstruksjon som er 35 meter lang og 13 meter brei vil ha påverknad på det gamle kulturmiljøet i Stalheimskleiva.

Naboane synes det er rart at Voss herad kan få lov til å bygge dette, og viser til kor vanskeleg det er for grunneigarar å få byggeløyve. Gunnar og Roald Jordalen viser mellom anna til deira søknad om bygging av to utleigehytter som tilleggsnæring til gardsdrifta, på eit område som er innafor verdsarvområdet, men utanfor landskapsvernombjørelset. Då fekk dei beskjed om at hyttene ikkje måtte vere synlege frå Stalheim.

Randi Engelsen Eide og Eivind Per Sivlesøy meiner tretrappene og plattingane Voss herad allereie har fått bygd heller ikkje passar inn i landskapet og aldri burde vore gitt løyve til.

Når det gjeld parkering og toalett visar naboane til at «gamle E16» framleis vil vere ein viktig veg for lokalbefolkinga etter at den nye tunnelen kjem, og at rasfaren vil vere den same. Eivind Per Sivlesøy er allereie plaga med at folk snur i tunet og parkerer i graset, og er redd dette vil bli endå verre med eit nytt utsiktspunkt.



Både Randi Engelsen Eide og Gunnar og Roald Jordalen oppfordrar Voss herad til å heller bruke midlar på å ruste opp Stalheimskleiva og mellom anna sette opp att gamle stabbesteinor og rekkverk.

Alle klagene er lagt ved som vedlegg til saka.

Dokument som bakgrunn for saka:

- Klage frå Statsforvaltaren i Vestland, 23.09.2021
- Klage frå Gunnar og Roald Jordalen, 23.09.2021
- Klage frå Eivind Per Sivlesøy, 23.09.2021
- Klage frå Sivle gard v/Randi Engelsen Eide, 23.09.2021
- Dispensasjon til utsiktspunkt Sivlefossen frå Nærøyfjorden verneområdestyre. Datert 02.09.2021
- Referat frå dialogmøte om Stalheimskleiva og utsiktspunkt til Sivlefossen, 17 juni 2021 på Stalheim hotell.
- Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 07.06.2021 – handsaming av saka utsett.
- Justert søknad frå Voss herad om å få tilrettelegge eit utsiktspunkt til Sivlefossen, datert 10.05.2021
- E-postdialog mellom søker og verneområdeforvaltar
- Ny søknad frå Voss herad om å få tilrettelegge eit utsiktspunkt til Sivlefossen, datert 3.02.2021
- Saksframlegg til verneområdestyret til møte 1. desember 2020 (saka vart trekt før møtet)
- Uttale frå Vestland fylkeskommune, datert 16.11.2020
- Prosjektskisse vedlagt søknad 8.10.2020.
- Søknad om utsiktspunkt frå Voss herad, e-post, motteke 8.10.2020
- Løyve til å tilretteleggja ny sti til Sivlefossen og utsiktspunkt ved Sivlefossen, frå Nærøyfjorden verneområdestyre, datert 4.12.2015
- Søknad om tilrettelegging av sti og utsiktspunkt til Sivlefossen frå Voss kommune, datert 8.10.2015

Reglar og retningslinjer for klagehandsaming

Etter forvaltingslova § 28 er det mogleg for alle med rettsleg klageinteresse å klage på enkeltvedtak fatta av Nærøyfjorden verneområdestyre. Fristen for å sende inn klage er 3 veker etter at ein er gjort kjent med vedtaket jf. forvaltingslova § 29.

Klagene vil først bli handsama i verneområdestyret, der styret kan velje å gjere om eige vedtak eller oppretthalde vedtaket. Om styret opprettheld sitt vedtak vil saka bli sendt til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.



Vurdering

Alle dei fire klagene kom inn innan fristen, og forvaltar vurderer at alle har rettsleg klageinteresse i saka, jf. forvaltningslova § 28.

I styret sitt vedtak om å innvilge søknaden blir det lagt vekt på at tiltaket vil vere lite synleg før du er nesten framme ved sjølve utsiktspunktet. Klagene frå naboane gir ny informasjon om at utsiktspunktet vil vere synleg frå fleire plassar i nærområdet, og at dei som bur i området synes det vil vere skjemmande for landskapet. Tiltak som påverkar landskapet negativt er i strid med verneforskrifta, og det er grunn for styret til å revurdere konklusjonen i førre sakshandsamingsrunde om at tiltaket ikkje vil påverke landskapet sin art og karakter negativt.

Klagene frå naboane viser kor viktig Stalheimskleiva med både naturen og kulturminna er for dei lokale. Dei er opptatt av å ta vare på den gamle historia knytt til området, og ynskjer ikkje nye moderne inngrep i kleiva. Statsforvaltaren viser også til at ein skal vere varsam med nye installasjonar og inngrep som kan overskygge dei gamle kulturminna i området, med tanke på verdsarvstatusen. Sjølv om verdsarvstatusen i Nærøyfjorden er tufta på geologi og geologiske prosessar, er det lagt vekt på at området har mange gamle kulturminne som gjev landskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og aukar den samla verdien av området. Det er viktig å legge vekt på kriteria som ligg til grunn for verdsarvstatusen. Kulturminne er ein viktig del av verneformålet i Nærøyfjorden landskapsvernombude og klagene styrkar forvaltar sin argumentasjon om at utsiktspunktet vil kunne vere negativt for opplevinga av kulturlandskapet.

Om eit inngrep er stort eller lite er relativt, og kjem ofte an på auget som ser. Statsforvaltaren støttar i si klage verneområdeforvaltar si vurdering om at det ikkje er opning for eit utsiktspunkt av denne storleiken bygd ut i fosserommet etter verneforskrifta, og at det derfor er riktig å vurdera om saka kan handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova. Statsforvaltaren viser i si klage til forarbeida til naturmangfaldlova § 48, der det går fram at denne regelen er ein sikkerheitsventil for særlege tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet. Den er meint for «bagatellmessige inngrep». Kva inngrep som kan reknast som bagatellmessig er heller ikkje lett å vurdere, men i fylgje Statsforvaltaren er utsiktspunktet bygd i andre landskapsvernombude langt mindre i omfang og storlek. Det vil tilsei at dette utsiktspunktet må reknast som eit relativt stort inngrep i eit landskapsvernombude. Med bakgrunn i dette meiner forvaltar det er tydeleg at utsiktspunktet ikkje kan kallast eit bagatellmessig inngrep. At dette sannsynlegvis er det største utsiktspunktet det er gitt løyve til i eit landskapsvernombude, er ny informasjon som ikkje var kjent då styret gav løyve til utsiktspunktet, og gir grunn til ei ny vurdering av tiltaket. Større inngrep for tilrettelegging for oppleveling og reiseliv er ikkje eit naudsynt tiltak, og det er utanfor det ein kan gje løye til i eit verneområde. Forvaltar meiner dette tiltaket går ut over dei «særlege tilfelle» ein kan gje løyve til etter naturmangfaldlova § 48.

Statsforvaltaren er også redd for presedensverknaden dette løvet vil kunne ha for spektakulære innretningar eller utsiktspunkt i andre verneområde. I tidlegare sakshandsaming i denne saka er det berre presedensverknad innad i Nærøyfjorden



landskapsvernombordet som er vurdert. Moglegheita for at løyvet vil skape presedens er mykje større når ein også tek andre verneområde med i vurderinga. Dette er noko styret må ta omsyn til i vurdering av klagesaka.

Eit anna viktig moment å ta stilling til i klagesaka er likebehandling. Det kjem tydeleg fram i klagene frå naboane at dei meiner Voss herad her får løyve til eit mykje større inngrep i landskapet enn det dei sjølv ville fått lov til. Likebehandling er eit moment som er viktig å legge vekt på i ny handsaming av saka.

Naturmangfaldlova §§ 8 – 12 er vurdert av forvaltar i tidlegare saksframlegg i denne saka, og ligg til grunn for klagehandsaminga.

Konklusjon

I klagene kjem det fram at utsiktspunktet vil vere meir synleg i nærmiljøet enn det som er lagt fram tidlegare. Det er det største utsiktspunktet Statsforvaltaren kjenner til at det er gitt løyve til i eit landskapsvernombordet, og dei meiner presedensverknaden for andre verneområde vil vere stor. Klagene støtter forvaltar sin vurdering om at utsiktspunktet kan ha negativ påverknad på opplevinga av kulturlandskapet og kulturminna i området, og at det er for stort til at ein kan gje løyve til det verken med heimel i verneforskrifta eller naturmangfaldlova.

Forvaltar konkluderer med at den nye informasjonen som er kommet fram i klagene gir gode grunnar til å revurdere løyvet til utsiktspunktet. Forvaltar meiner styret bør avslå søknaden, og eventuelt heller be Voss herad komme attende med ein ny søknad om eit mindre utsiktspunkt.



Nærøyfjorden verneområdestyre

Vår dato:

23.09.2021

Vår ref:

2021/13380

Dykkar dato:

02.09.2021

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eline Orheim, 57 64 30 12

Tom Dybwad, 57 64 31 23

Nærøyfjorden landskapsvernombåde - Klage på verneområdestyret sitt vedtak om løyve til utsiktspunkt ved Sivlefossen i Voss herad

Vi viser til vedtak i Nærøyfjorden verneområdestyre 31. august 2021 om løyve til å bygge eit utsiktspunkt ved Stalheimskleiva mot Sivlefossen. Vedtaket vart oversendt Statsforvaltaren 2. september 2021, og vi har klagerett innan tre veker, jf. naturmangfaldlova § 62 tredje ledd og forvaltningslova § 29.

Bakgrunn for vedtaket

Voss herad søkte i oktober i fjor om å bygge eit utsiktspunkt ved Sivlefossen. Illustrasjonen i søknaden viser utsiktsplattforma slik ho er søkt om; ein gitterkonstruksjon som går ut i landskapsrommet mot fossen.

Voss kommune fekk i 2015 løyve til å bygge ein tursti opp til Sivlefossen. Denne er utforma med ei rekke tretrapper og eit utsiktspunkt i form av ein enkel treplatting med gjerde eit stykke nedanfor utsiktspunktet det no vert søkt om.

Utsiktspunktet vil ligge på enden av stien mot Sivlefossen. Utsiktsplattforma er planlagt som ein spektakulær gitterkonstruksjon i metall, med gitterrister av anten galvanisert stål eller glasfiberarmert umetta plast (GUP-rister).

Totalt vil konstruksjonen ha ein lengde på kring 35 meter, og på det breiaste vil utsiktspunktet vere omlag 13 meter.

Verneområdestyret har i si grunngjeving lagt vekt på at utsiktspunktet ikkje er eit stort inngrep og at det vil vere lite synleg frå E16. Styret vurderer at tiltaket ikkje vil påverke landskapet sin art og karakter negativt, og at det ikkje vil endre det gamle kulturmiljøet i Stalheimskleiva. Styret meiner at verneverdiane ikkje vert negativt påverka og at vilkåra i § 48 i naturmangfaldlova er oppfylt. I saksutgreiinga går det fram at dette var ei vanskeleg sak, der styret til slutt konkluderte einstemmig.



Figur 1: Tekning av det omsøkte utsiktspunktet.

Vår vurdering av handlingsrommet etter verneforskrifta og etter § 48 i naturmangfaldlova

Verneforskrifta sine spesifiserte heimlar § 4 punkt 1.3 opnar for oppføring av nybygg i samband med landbruk, turlagsverksem og oppsyn. Oppføring av nybygg skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggjeskikk. Det er også opning for oppsetting av nye gjerde, oppmerking og varding av nye fotruter og nybygging av bruar og klopper.

Det er ikkje opning for eit utsiktspunkt av denne storleiken bygd ut i fosserommet etter verneforskrifta.

Utsiktspunktet må såleis oppfylle krava i naturmangfaldlova § 48 første ledd der det ikkje må stri mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje påverke verneverdiane nemneverdig. I forarbeida til naturmangfaldlova § 48 går det fram at denne regelen er ein sikkerheitsventil for særlege tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet. Den er meint for bagatellmessige inngrep eller forbigåande forstyrningar som er av stor betydning for søker. Dette er særleg framheva i fleire klageavgjelder den seinare tida.

Statsforvaltaren er positiv til ei oppgradering av utsiktsplattforma frå 2015. Plattforma som er der i dag, gjev fin utsikt mot Sivlefossen, og består av ei enkel treplatting med gjerde. Utsiktsplattforma står i enden av turstien frå Stalheimskleiva.



I besøksstrategien for Nærøyfjorden landskapsvernombude er Stalheimskleiva peika ut for tilrettelegging. Det er i dag utsiktspunkt ved Stalheim hotell, ved Stalheimsfossen og eksisterande plattform mot Sivlefossen. Området har i lang tid vore viktig i reiselivssamanheng, og verdiskaping bygd på naturarven er ein del av dette.

Statens vegvesen har i nokre år halde på med ein stor reparasjon av murane som Stalheimskleiva ligg på etter utrasing. Dette arbeidet vil verte avslutta tillegast i 2022, kanskje i 2023. Vegvesenet har avgjort at Stalheimskleiva i framtida vil vere stengd for biltrafikk fordi vegmurane ikkje toler slik belastning. Dette vil medføre større trøng for parkering og toalett i tilknyting til kleiva, ettersom besökande ikkje vil kunne køyre ned kleiva og fleire vil bruke lengre tid i området.

Som følgje av rasfare må parkeringsplassen som til no har vore nytta ved foten av kleiva, vurderast nærrare. I og med at Voss herad legg opp til at det er denne parkeringsplassen som skal nyttast, og eventuell bygging av toalett er uavklart, forstår vi at infrastrukturen for reiselivet og ferdsel i området ikkje er avklart. Etter vårt syn har ein difor tid til å planlegge framtidig infrastruktur for ferdsel i området, inkludert oppgradering av eksisterande utsiktsplattform, før Stalheimskleiva vert teken i bruk igjen.

Området kring Stalheimskleiva er rikt på kulturminne. I tillegg til den nyaste av vegane, Stalheimskleiva, frå midten av 1800-talet, er det spor etter to eldre vegar som kvar har følgt ein litt anna trase i kleiva, frå høvesvis 1600-talet og frå 1700-talet. Desse kom tydelegare fram etter at det vart fjerna granskog som del av tiltaksarbeidet i verneområdet.

Langs kleiva finn ein også murane etter ein paviljong, eit bygg som er flytta ned til kaien i Gudvangen. I tillegg er det restar etter ei smie, murar etter minst to utløer, og fleire krigsminne frå andre verdskrig. Med unntak av turstien er det ingen nye inngrep her i dag, og området framstår som eit heilskapleg natur- og kulturmiljø i samsvar med formålet for vernet.

Sjølv om verdsarvstatusen i Nærøyfjorden er tufta på geologi og geologiske prosessar, er det lagt vekt på at området har mange gamle kulturminne som gjev landskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og aukar den samla verdien av området. Når ein i landskapet kring Stalheimskleiva har ei mengde gamle kulturminne, skal ein vere varsam med nye installasjoner og inngrep som kan overskygge desse.

Utsiktsplattforma vil vere eit godt synleg og dominerande i fosserommet. At tiltaket vil vere lite synleg frå E16, kan ikkje tilleggast stor vekt.

I saksframstillinga er det gjort greie for formålet med vernet av Nærøyfjorden, og Statsforvaltaren er samd i at vilkåra i § 48 ikkje er oppfylt med bakgrunn i omfang og utforming av utsiktspunktet.

Saka er også prinsipiell og vil kunne ha stor presedensverknad for spektakulære innretningar eller utsiktspunkt i andre verneområde. Vi er kjende med at finst utsiktsplattformer i andre landskapsvernombude, men desse er langt mindre i omfang og storleik.

Det pågår for tida ein tilsvarende prosess rundt oppgradering av eit eksisterande utsiktspunkt frå 1920-talet, på toppen av Vettisfossen i Utladalen landskapsvernombude, der omfang og val av material er sentralt ved oppgraderinga. Vi er også kjende med at grunneigarar har planar om å få på plass ei utsiktsplattform ved Brekkefossen i Nærøyfjorden landskapsvernombude etter at det kom på plass ein god sti til fossen for nokre år sidan.



Konklusjon

Statsforvaltaren har etter ei grundig vurdering av utsiktspunktet og vernereglane konkludert med å klage på vedtaket.

Statsforvaltaren har forståing for det arbeidet Voss herad har lagt ned for å utgreie eit utsiktspunkt og for verneområdestyret sitt vedtak, men meiner det verken i verneforskrifta eller dispensasjonsparagrafen i naturmangfaldlova er heimel til tiltaket. Vedtaket kan og ha presedensverknad for tiltak i andre verneområde.

Vi vil be verneområdestyret ta klagen vår til følgje. Samstundes kan verneområdestyret eller Voss herad utgreie saka vidare for å finne det rette nivået på tiltaket innanfor verneforskrifta. Med bakgrunn i dei utbetringstiltaka som skjer i Stalheimskleiva i tida framover, vil det vere god tid til å utgreie saka grundig innanfor vernereglane.

Med helsing

Gunnar Hæreid
fungerande statsforvaltar

Kjell Kvingedal
Miljødirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Miljødirektoratet
Voss herad

Gunnar og Roald Jordalen
Nærøydalsvegen 286
5713 Vossestrand

22. sept 2021

Miljødirektoratet via Nærøyfjorden verneområdestyre.

Klage på utsiktspunkt mot Sivlefossen – Voss herad.

Sivlefossen er ein sær fin og kjend foss som i tillegg ligg i eit verna område, både landskapsvern og verdsarvområdet (UNESCO). Den har vore ettertrakta som fotomotiv i uminnelege tider. Det er den framleis sidan den ligg i ein uberørt natur. Den kjem endå bedre fram no etter som all skog er hoggd, og delvis det gamle kulturlandskapet kjem til syne att. Denne store platforma i stål er geitt skjemmande, og vil verta godt synleg både frå garden vår, E16 på flatane der folke ser mot kleiva og hotellet. Frå ei utleigehytta me har på holten vil den verta liggjina midt i synet. Den vil visa særskilt godt når sola skin mot Stalheim. Så det stemmer ikkje det sokjarane skriv at den nesten ikkje vil verta synleg nedanfrå!

Om Voss Herad m.fl. vil nytta kapital her, synest me dei kunne ha sett opp att stabbesteinane og rekkverk som var i kleiva. I tillegg kunne dei ha sett opp gamle kulturminner som er bort, som ein no har funne tomtene etter.

Det er tilrettelagt med sti opp frå botn av kleiva med små utsiktspunkt (plattingar), det får vera nok! Det er i tillegg ikkje parkering eller toalettanlegg for større grupper verken i botn av kleiva eller oppveg ved Stalheim Hotell. Når den nye tunnelen med innslag ved Hyllnd kjem, kan ein likevel ikkje nytta «gamle E16» til delvis parkering. Den vil framleis vera ein viktig veg for lokalbefolkinga, og rasfåren er den same.

Ved rullering av kommunneplan, søkte me om bygging av to utleigehytter. Som tillegsnæring til gardsdrifta. Då fekk me beskjed om at dei ikkje måtte vera synlege frå Stalheim. Til samanlikning ligg området me skulle byggja desse hyttene utafor landskapsområdet. Regelverket bør vel vera like for alle!!

Mvh.
Gunnar og Roald Jordalen

Eivind per sivlesøy
Nerøydalsvegen 246

Miljødirektoratet via Nerøyfjoren verneområdestyre
Njøsvegen 2
6863 Leikanger

Klage på utsiktspunkt Sivlefossen –Voss herad .

- Sivlefossen er ein kjend foss som mange opp gjennom tidene har fotografert, dei finaste bildene er tatt i frå svingane i stalheimskleiva som er eit unikt vegbyggverk mellom to fossar, kjent i innland og utland , att ein no skall bygga eit utsiktspunkt berre for og komma nærmare fossen syns eg er og rota til den naturlege heilheita til fossen og landskapet rundt. Eg er nærmaste nabo til fossen og vil sjå rett på utsiktpunktet frå tunet mitt. No når granskogen er fjerna ser eg heile stien og utsiktpunkta som er der som er bygde i tre passar heller ikkje inn i ein sånt landskap. Det står stadig folk langs stien og utsiktpunkta og tar bilder av garen vår som igjen blir lagt ut på sosiale media , så me som bur her føler oss beglodd og overvåka me treng ikkje ein stor balkong hengane ut mot fossen og dalen. Om sommaren når morgensola skin får ein ofte regnboge over fossen i fossesprøyten den er der utsiktpunktet er tengt. Fossesprøyten er så kraftig frå snøsmeltiga byrja til langt ut i juli og ellers når det er mykje nedbør att det er ikkje mogliheter og stå ut på der når den pågår. Me treng ikkje eit skjemmane byggverk i eit freda landskap fossen ser ein best frå svingane. Det er bedre og få fram att terenget sånn som det var. Vi som har vakse opp og bur her kjenner landskapet best og ser det kvar dag både sommar og vinter og vill ha landskapet sånn som det er uten noko sjemmane inngrep. Eg synest det er rart att voss herad kan få lov og bygga

noko sånt i eit freda landskap når me bønder ikkje får lov til noko bygging ,kor er dei som skulle passa på no. Att det ikkje synest frå E16 er ikkje sant det blir visseleg bort i 2 km nedafør.

Når det gjeld parkering og toalett

er ingen plass her nede til det på grunn av rasfare og plass, er alt plaga med att folk kjem bort og snur itunet og parkerar i graset og skal bort og sjå på fossane,er redd att eit sånt prosjekt vill føra til masseturisme tilgrising av natur og villparkering. Me som bur her er sterkt imot eit sånt prosjekt. Er og eigar av halve fossen.

Eivind Sivlesøy.

Randi Engelsen Eide

Sivle Gard, Stalheim

5713 Vossestrand

21.09.2021

Miljødirektoratet

v/ Nærøyfjorden Verneområdestyre

Njøsavegen 2

6863 Leikanger

Klage på vedtak i Nærøyfjorden verneområdestyre om å gje Voss Herad løyve til og byggja utsiktspunkt i Stalheimskleiva – Sivlefossen.

Styret legg til grunn at dette ikkje er eit stort inngrep. Alle inngrep i dette landskapet gjev varige sår, og kan aldri bøtast på. Dette er eit kulturlandskap forma av naturen sjølv, og ingen har rett til og øydelegga den.

Stalheimskleiva er eit verna kulturminne, der turistar i mange hundre år har nytt synet av Sivlefossen frå vegen. Eg kan ikkje skjønna kva De skal med ein nymotens installasjon for at folk skal sjå på Sivlefossen. Ein ser faktisk fossen mykje betre frå svingane, og ein får finare biletar av fossen. Kjem ein tettare på fossen, står fossasprøyten heilt bort til der gitterkonstruksjonen er planlagt.

I tillegg nevner styret at utsiktspunktet vil vera lite synleg frå E 16, då bør dei reisa på synfaring, for dette vil visa, etter at mykje av skogen er fjerna vil dette visa godt i landskapet.

For meg som eigar av Sivle Gard vil dette verta godt synleg, og eg ynskjer ikkje og sjå på slike nymotens installasjonar i naturen, eg vil ha Stalheimskleiva slik som ho er.

Eg vil oppmoda Voss Herad om at dei heller er med på og rusta opp Stalheimskleiva, med stabbesteinlar og smijernsrekker slik som i gamle dagar, samt hogga resten av skogen, få inn beitedyr, og skjøtta kulturlandskapet på ein god og bærekraftig måte.

All tilrettelegging og auka ferdsel vil gjera at området vil få stort press, og det vil få negativ påverknad på natur- og kulturlandskapet og vil skada omdømme til landskapsvernombordet.

Det at Voss Herad fekk lov og byggja tursti, tretrapper og plattingar i trykkimpregnert materiale i Stalheimskleiva, er for meg uforståeleg. Dette er ikkje ein verdig installasjon i eit gammalt kulturlandskap i landskapsvernombordet. Når ein i staden kunne ha brukkt naturmateriale som glir betre inn i kulturlandskapet, som tildømes stein trapper, heller,

rekkverk i smijern m.m. Sjølv meiner eg at dette aldri burde vorte gåve løyve til dette prosjektet heller.

Sjølvsagt vil ein gitterkonstruksjon som er 35 meter lang og 13 meter brei ha påverknad på det gamle kulturmiljøet i Stalheimskleiva, eg vil påstå at dette er kulturvandalisme.

Som nemnt vil det planlagde byggverket verta godt synleg frå tunet på Sivle Gard, og det er ein tankevekkjar at Voss Herad kan finna på og byggja eit slikt byggverk i denne flotte naturen. Der me som grunneigara har vorte oppmoda om og skjøtta natur- og kulturlandskapet rundt oss. Det må ligga gode grunnar bak, for at Voss Herad skal få byggja ein slik gitterkonstruksjon i Stalheimskleiva, og dei vil eg gjerne ha framlagt.

Turistane som bur på Sivle og dei som går igjennom tunet på Sivle, tykkjer det er fint og sjå på den storslagne og mektige naturen me har, så kvifor skal den øydeleggast.

Beste helsing

Sivle Gard

Randi Engelsen Eide



**Nærøyfjorden
verneområdestyre**

Postadresse
Nærøyfjorden verneområdestyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Fjordsenteret
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 57 64 31 34

fmvlpost@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyre.no/naroyfjorden

VOSS HERAD
Postboks 145
5701 VOSS

Sakshandsamar Jorunn Vallestad

Vår ref. 2020/15428-0 432.2

Dykker ref.

Dato 02.09.2021

Dispensasjon - Nærøyfjorden landskapsvernombåde - utsiktspunkt Sivlefossen - Voss herad

Sender vedlagt saksprotokoll med saksframlegg frå Nærøyfjorden verneområdestyre.

Informasjon om klagerett

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28 - 29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærmere opplysningar om klagerett og rett til å sjå saksdokument.

Med helsing

Trygve Skjerdal
Nærøyfjorden verneområdestyre

Jorunn Vallestad
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statens vegvesen
Vestland fylkeskommune
Statsforvaltaren i Vestland
Aurland kommune
Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap
Grunneigarar

- Arild Jordalen
- Stalheim hotell
- Terje Jordalen
- Gunnar Jordalen
- Eivind Per Sivlesøy
- Randi Engelsen Eide



Arkivsaksnr: 2020/15428-0

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 31.05.2021

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|-------------------------------|-----------|------------|
| Nærøyfjorden verneområdestyre | 48/21 | 07.06.2021 |
| Nærøyfjorden verneområdestyre | 57/21 | 31.08.2021 |

Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernombane - utsiktspunkt Sivlefossen - Voss herad

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre avslår Voss herad sin søknad om utsiktspunkt Sivlefossen. Avslaget er gitt med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombane og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ.

Toppunktet på stien til Sivlefossen skal avsluttast med ei enkel treplattform med rekkverk tilsvarende plattforma lenger ned på stien.

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 07.06.2021

Handsaming i møte

Styret diskuterte saka. Fleire av styremedlemmane var positive til tiltaket, men etterlyste innsyn i alle dokument i saka. Det vart påpeika at planane for parkering og toalett burde vore avklart. Det vart også vist til at det ikkje har vore gjennomført fellesmøte mellom ulike aktørar, slik som Vestland fylkeskommune har bedt om i sin uttale til saka. Styret vart einige om å gjere vedtak om å utsetje saka til neste ordinære styremøte, 30.-31. august.

Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre utset handsaming av saka til neste ordinære styremøte. Til dette møtet skal søknadane frå Voss herad, og uttaler frå Vestland fylkeskommune og



Nærøyfjorden verneområdestyre

Statens vegvesen ligge føre. Det skal ha vore gjennomført eit fellesmøte med grunneigarar, Statens vegvesen, Vestland fylkeskommune, verneområdeforvaltninga og Voss herad. Eit av tema som skal drøftast er vidare planlegging av parkering og toalett.

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 31.08.2021

Handsaming i møte

Fleire av styrerrepresentantane meinte dette var ei vanskeleg sak, men alle konkluderte med at dei ynskte å gje løyve til tiltaket. Bjørg Djukastein la fram utkast til alternativt framlegg til vedtak som vart jobba vidare med i møtet. Det alternative framlegget vart einstemmig vedtatt.

Vedtak

Søknaden frå Voss herad om utsiktspunkt Sivlefossen vert innvilga slik den ligg føre. Søknaden er innvilga med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldslova § 48 første ledd, første alternativ.

Styret legg til grunn at utsiktspunktet ikkje er eit stort inngrep. Utsiktspunktet vil vere lite synleg frå E16. I Stalheimskleiva vil inngrepet på grunn av høgdeforskjellar ikkje vere synleg før du er nesten framme ved utsiktspunktet.

I følgje kjent kunnskap om naturmangfaldet i området er det lite truleg at inngrepet vil føre til direkte skade på naturmangfold eller økosystem, jf. nml. § 8, og føre-var prinsippet (jf. nml. § 9) vert difor ikkje vektlagt.

Styret vurderer at tiltaket ikkje vil påverke landskapet sin art og karakter negativt og at det ikkje vil endre det gamle kulturmiljøet i Stalheimskleiva. Styret vurderer at tiltaket ikkje vil ha ein negativ påverknad på verneverdiane i landskapsvernombrådet, og meiner difor at vilkåra for å kunne gje løyve til tiltaket etter § 48 i naturmangfaldlova er oppfylt.

Metoden som er valt for å gjennomføre tiltaket er miljøforsvarleg jf. nml. § 12. Tiltakshavar skal bare kostnadane ved å hindre naturskade medan arbeidet pågår, jf. nml. § 11.

Området er tidlegare tilrettelagt i reiselivssamanheng. Inngrepet vil ikkje skape presedens utover tilsvarande mindre tiltak.

Styret ber Voss herad bidra til at det kjem på plass nødvendig infrastruktur, som parkering og toalett, for å hindre at utsiktspunktet fører til auka belastning på naturen i området, i form av forsøpling og villparkering.



Saksopplysningar

Voss herad søkte i oktober i fjor om å bygge eit utsiktspunkt ved Sivlefossen, i form av ein «svevande» gitterkonstruksjon ut over fosserommet. Etter at forvaltar innstilte på avslag og påpeika fleire manglar ved søknaden, valte Voss herad å trekke søknaden dagen før styremøtet der saka skulle handsamast. Heradet har no sendt inn ein justert søknad til handsaming.

Voss kommune fekk i 2015 løyve til å bygge ein tursti opp til Sivlefossen. Denne er utforma med ei rekke tretrapper og eit utsiktspunkt i form av ein enkel treplatting med gjerde eit stykke nedanfor utsiktspunktet dei no søker om. Det omsøkte utsiktspunktet vil vere ein spektakulær avslutning på denne stien. Utsiktspunktet det er søkt om er ein gitterkonstruksjon i metall, med gitterrister av anten galvanisert stål eller glasfiberarmert umetta plast (GUP-rister). Totalt vil konstruksjonen ha ein lengde på drøyt 35 meter. På det breiaste vil den vere ca 13 meter brei.



Nærøyfjorden verneområdestyre



Figur 1: Tekning av det omsøkte utsiktspunktet.



Dokument som bakgrunn for saka

- Justert søknad om å få tilrettelegge eit utsiktspunkt til Sivlesfossen, datert 10.05.2021
- Saksframlegg til verneområdestyret til møte 1. desember 2020 (saka vart trekt før møtet)
- Søknad om utsiktspunkt frå Voss herad, sendt 8.10.2020
- Uttale frå Vestland fylkeskommune, datert 16.11.2020
- Søknad om tilrettelegging av sti og utsiktspunkt til Sivlefossen frå Voss kommune, datert 8.10.2015
- Løyve til å tilretteleggja ny sti til Sivlefossen og utsiktspunkt ved Sivlefossen, frå Nærøyfjorden verneområdestyre, datert 4.12.2015

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008

Bakgrunnen for innstilling på avslag på førrønne søknad:

I saksframlegget til førrønne søknad vart det av forvaltar mellom anna påpeika følgjande manglar:

- Søknaden frå Voss herad gir ei detaljert skildring av den tekniske utforminga av det planlagde utsiktspunktet, men vurderer ikkje eventuelle naturkonsekvensar, korleis utsiktspunktet passar inn i landskapet og det heilskaplege kulturmiljøet.
- Det er ikkje lagt fram noko som viser kva som er målet med prosjektet, om det er forventa ei større mengde besøk i området, eventuelle konsekvensar av dette, og korleis det i så fall er tenkt handtert. Infrastruktur som parkering, toalett og boshandtering er ikkje nemnt. Før ein vurderer å bygge ein attraksjon som kan trekke endå meir folk til Stalheimskleiva bør ein ha infrastruktur på plass.
- Utsiktspunktet som er planlagt vil bryte med det gamle kulturlandskapet i området og vil kunne endre landskapet sin art og karakter. Utsiktspunktet er eit mykke større inngrep i natur- og kulturlandskapet enn det Voss kommune i 2015 fekk løyve til i forbindelse med turstien. Då vart det vurdert at «Dei planlagde utsiktspunkta med sikringsgjerde vil vere synleg, men ikkje dominerande i landskapet». Det utsiktspunktet som no er planlagd vil bli meir synleg og dominerande i landskapet, både fordi det er større og meir spektakulært, har ein meir moderne utforming, og fordi området no er meir opent.



Nærøyfjorden verneområdestyre

- Det manglar skisser som viser kor synleg utsiktspunktet vil vere i landskapet, t.d. sett frå dalbotnen eller frå vegen opp Stalheimskleiva.
- Det manglar ein heilskapleg plan for området, der også fordeler og ulemper ved dette utsiktspunktet er vurdert. Ein bør sjå på heilheita og korleis ein skal skjøtte området rundt Stalheimskleiva for å ta vare på kulturmiljøet og samtidig legge til rette for turisme og oppleveling av området.
- Det manglar informasjon om korleis anleggsarbeidet vil bli gjennomført.
- Sidan det er nesten 20 år sidan området vart kartlagt bør det gjennomførast ny naturkartlegging av området før det eventuelt blir gitt løyve til tiltak.

I tillegg hadde Vestland fylkeskommune følgjande innvending:

«Dersom tiltakshavar vel å gå vidare med prosjektet må det etter vår vurdering gjennomførast betre utgreiingar knytt til fyljande tema:

- Tilhøvet til verdsarvområdet sin OUV. Her må ein vurdere om tiltaket er av ein slik storleiksorden at dette bør gjennomførast som ein KUVA (Konsekvens Utredning for VerdsArv),
- Tilhøvet til området i Stalheimskleiva som kulturmiljø.
- Tilhøvet til Stalheimskleiva som freda kulturminne.
- Tilhøvet til krav om tilgjengelegheit og behov for funksjonar som toalett og parkering.
- Det bør også utgriast om det er mogleg å tilrettelege for utsiktspunkt utan å gjøre store inngrep i kulturlandskapet. Her kan ein sjå på moglegheita for å utvikle området som ein attraksjon på bakgrunn av naturen og kulturminna som er der i dag, og dei verdiane som desse representerer.»

Forvaltar konkluderte då med følgjande:

«Forvaltar ber verneområdestyret om å avslå saka sånn den ligg føre i dag. Verneområdestyret kan eventuelt be Voss herad koma med ein ny søknad etter at Vegvesenet har avgjort kva akseltrykk det kan vera på køyretøy i Stalheimskleiva. Ein eventuell ny søknad må innehalde ein plan for området og ei heilskapleg vurdering av korleis utsiktspunktet vil passe inn i natur- og kulturlandskapet i Stalheimskleiva. Det må skildrast korleis ein tenker å løyse infrastrukturen rundt utsiktspunktet og korleis det vil påverka verneverdiane. Kommunen bør oppfordrast til å tenke på utforminga av utsiktspunktet og finne ei løysing som passar betre inn i landskapet i Stalheimskleiva.»

Ny informasjon som framkjem i justert søknad

I den nye søknaden har Voss herad svart på ein del av manglane ved den førre søknaden.

Tilhøvet til verdsarvområdet sin OUV

Voss herad konkluderer med at tiltaket ikkje vil ha nokon påverknad på kriterie (i) og i høve til kriterie (III) vil ei tilrettelegging som planlagt gje moglegheit for ei betre og tryggare oppleveling av eit av dei mange fossefalla i verdsarvområdet.




Nærøyfjorden verneområdestyre

Fossesprøytsona

I høve fossesprøytsona vurderer dei at det ikkje er nokon grunn til å anta at sjølve utsiktspunktet eller bygginga av det vil føre til skade på denne, då det er snakk om eit lite areal heilt i utkanten av sona. Dei viser og til at det ikkje er påvist skjeldne eller raudlista artar i denne fossesprøytsona. Dei har ikkje gjort nye undersøkingar.

Landskapstilpassing

Fargen på utsiktspunktet er endra frå rustraudt til gråsvart for å gli betre inn i landskapet. Det er lagt ved nye teikningar som viser korleis utsiktspunktet vil sjå ut. Desse viser at ein vil kunne sjå utkikkspunktet frå gangvegen og i sjølve nærområdet. Ein vil kunne sjå det frå eit parti av E6, men her vil utkikkspunktet vere lite synleg.



Figur 2: Utsiktspunktet i landskapsrommet.



Nærøyfjorden verneområdestyre



Figur 3: Utsiktspunktet vil vere lite synleg frå E16.



Figur 4: Innzoma bilde frå E16 (tatt frå same stad som figur 3)



Trafikkavvikling

Voss herad har vore på befaring med Statens vegvesen for å sjå på trafikkavvikling i kleiva. Voss herad skriv at tilkomsten er planlagt frå parkeringsplassen i botnen av kleiva. Samtidig skriv Statens vegvesen i sin uttale at parkeringsplassen som til no har vore nytta ved foten av kleiva må vurderast nærare i høve rasfare. Når den nye tunnelen E16 Sleen - Hylland står klar skriv dei at det vil kunne opna seg ny moglegheit ved at ein evt. kan ta i bruk deler av den gamle riksvegtraseen til parkering. Voss herad skriv at bygginga høgst sannsynleg vil medføre auka besøk, men tilrettelegging av toalett vil dei først vurdere seinare dersom trafikkmengda skulle tilsei dette.

Tilkomstveg for bygging av utsiktspunktet

Statens vegvesen har gitt klarsignal til å bruke øvre del av Stalheimskleiva til å køyre ned utsiktspunktet i delar. Det er ikkje planlagt bruk av helikopter ved bygging av utsiktspunktet. Terrenget mellom Stalheimskleiva og sjølve utkikkspunktet er relativt flatt, så det er ev. kun mindre og reversible tiltak som skal til for å få ein tenleg tilkomst. Voss herad skriv at det her er laga ein trase i samband med avvirkning av granskogen i området (hausten 2020). Her vil forvaltar påpeike at denne traseen er ikkje laga i høve avvirkning av granskog, men av Voss herad sjølv i høve undersøking av området for det nye utkikkspunktet. Ev. sårskadar i terrenget etter anleggsarbeidet vil bli lukka/tilbakeført når anleggsarbeidet er ferdig.

Kulturminne

Voss herad viser til at bygginga ikkje vil komme i direkte konflikt med freda kulturminne.

Lovgrunnlaget

Formålet i Nærøyfjorden landskapsvernombordet er definert i verneforskrifta § 2: «Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plant- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter».

Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter, jf. §2 punkt 1.1. Dette gjeld til dømes: a) ... bygging av vegar, oppføring av anlegg og faste innretningar, ... sprenging, masseuttak, utfylling, planering og lagring av masse, lausbryting og fjerning av stein og mineral, ... Opplistinga er ikkje utømmande.

- 1.3 Forvalningsstyrresmakta, eller den som vert tillagt mynde, kan gi løyve til:
- b) Oppføring av nybygg i samband med landbruk, turlagsverksem og oppsyn. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggjeskikk.
- f) Oppsetting av nye gjerde, oppmerking og varding av nye fotruter og nybygging av bruer og klopper.

Eit slikt utsiktspunkt som det er søkt om her er meir enn ei ny fotrute eller bru, og må definerast som eit nybygg. Ettersom det ikkje er i samband med landbruk, turlagsverksem og oppsyn, må søknaden vurderast etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd, fyrste alternativ; «Forvaltingsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke



strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig». Begge vilkåra i § 48 må vera oppfylt, både at det ikkje skal vera i strid med verneføremålet, og ikkje vera til nemneverdig skade på naturverdiane.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Den justerte søknaden svarar godt på ein del manglande utgreiingar og vurderingar i den opphavlege søknaden. Mellom anna er det med gode skisser som viser kor synleg utkikkspunktet vil bli i terrenget, og det er eit godt grep som er gjort med å endre farge på utkikkspunktet for at det skal vere mindre synleg. Den nye søknaden gir eit betre inntrykk av kor dominerande inngrep vil bli i landskapet. Det er positivt at Voss herad har avklart med vegvesenet at anleggsperioden kan gjennomførast ved å frakte utkikkspunktet ned vegen i Stalheimskleiva, og at dei har ein god dialog for å sikre at dette ikkje fører til skade på kulturminnet.

Det er også positivt at det no er skrevet litt meir om tiltakets moglege påverknadar på natur, landskap og verdsarvkvalitetar. Det blir derimot ikkje lagt fram ny kunnskap eller studie på dette feltet, og inngrep det blir søkt om er det same (bortsett frå endra farge).

Som Voss herad skriv i søknaden er dette eit område som i besøksstrategien er valt ut som eit område som kan tilretteleggast for besøk, og det er ikkje tvil om at det isolert sett kan vere ei storslagen oppleveling å stå ute på ei metallrist og oppleve Sivlefossen på nært hold. Spørsmålet er om eit slikt moderne utsiktspunkt i eit gammalt kulturlandskap samtidig er med på å øydelegge den totale oppleveling av området med alle dei historiske kvalitetane som er her. Eit slikt utsiktspunkt er det mogleg å bygge mange plassar. Spørsmålet er om det er riktig å gjere det akkurat her, i eit landskapsvernombordet som er verna for å ta vare på naturen og det gamle kulturlandskapet. I tillegg til den nyaste av vegane, frå midten av 1800-talet, som vi kjenner som Stalheimskleiva, er det spor etter to eldre vegar som kvar har fylgt ein litt anna trase i kleiva, ein frå 1600-talet og ein frå 1700-talet. Langs kleiva finn du også murane etter ein paviljong. Bygget er seinare flytta ned til kaien i Gudvangen. I tillegg er det restar etter ei smie, murar etter minst to uteløper, og fleire krigsminne frå 2. verdskrig. Med unntak av turstien er det ingen moderne inngrep her i dag, og området framstår som eit heilskapleg natur- og kulturmiljø. Stalheimskleiva er godt kjent blant besøkande til området, og naturen med dei gamle kulturminna er eit trekkplaster i seg sjølv. I forvaltningsplan for Nærøyfjorden er tilrettelegging for enkelt friluftsliv vektlagt, og kopling mellom friluftsliv og turisme er trekt fram som positivt, men tilrettelegging bør ikkje føre til store naturinngrep. Det meste av større tilrettelegging skal i utgangspunktet ligge utanfor verneområde.

Dette er eit tiltak som må vurderast etter nml. § 48. I fylgje Miljødirektoratet sin rettleiar «Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter» skal denne bestemmelsen vere «en sikkerhetsventil for tiltak som ikke kunne forutses eller spesielle/særskilte tilfeller som ikke ble vurdert på vernetidspunktet.» § 48 skal ikkje brukast til å utvide den ramma som er trekt opp i vernevedtaket. Det er meininga at nml § 48 berre skal brukast som dispensasjonsgrunnlag i unntakstilfelle, og berre dersom strenge vilkår er oppfylt.



Når ein vurderer eit tiltak etter § 48, må ein først vurdere om tiltaket strider mot vernevedtakets formål og om det kan påverke verneverdiane nemneverdig. Viss vilkåra er oppfylt skal det gjerast ei konkret, skjønnsmessig vurdering av om det skal gjevast løyve til tiltaket. I rettleiaren står det at «Generelt vil det ikke være adgang til å dispensere for tiltak og bruk som forutsetter større tekniske inngrep, for eksempel ny kraftutbygging, eller oppføring av private fritidshytter.»

Formålet med vernet av Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell, der kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter. Det det blir søkt om her er eit større teknisk inngrep i ein del av landskapsvernombordet som i dag framstår som eit intakt natur- og kulturlandskap med mange gamle kulturminne. Sjølv om inngrepet i følgje skissen knapt vil vere synleg frå E16, vil det vere godt synleg frå fleire stadar i Stalheimskleiva og elles i nærområdet. Sjølv med endra farge som gjere utsiktsplattforma mindre dominerande i landskapet er det her snakk om eit utsiktspunkt i ein veldig moderne stil, i eit gammalt kulturlandskap som er verna og viktig å ta vare på. Eit slikt stort og moderne utsiktspunkt vil vere eit framandelement i kulturlandskapet. Tiltaket vil kunne påverka landskapet sin art og karakter negativt og endre det gamle kulturmiljøet i Stalheimskleiva. Forvaltar vurderer at tiltaket vil kunne ha ein negativ påverknad på verneverdiane i landskapsvernombordet, og meiner difor vilkåra for å kunne gje løyve til tiltaket etter § 48 i naturmangfaldlova ikkje er oppfylt.

I følgje kjent kunnskap om naturmangfaldet i området er det lite truleg at inngrepet vil føre til direkte skade på naturmangfald eller økosystem, jf. nml. § 8, og føre-var prinsippet (jf. nml. § 9) vert difor ikkje vektlagt. Den nye søknaden manglar framleis ein heilskapleg plan med tanke på å sjå utsiktspunktet i samanheng med utvikling av Stalheimskleiva som eit viktig kulturminne og besøksmål, og infrastrukturen rundt dette. Som Statens vegvesen skriv i sin uttale, må parkeringsplassen som til no har vore nytta ved foten av kleiva vurderast nærare i høve rasfare. Likevel legg Voss herad opp til at det er denne parkeringsplassen som skal nyttast. Voss herad ynskjer heller ikkje å ta stilling til bygging av toalett no, sjølv om dei skriv at det er forventa at eit slikt utsiktspunkt vil trekke fleire besökande til området. For å kunne vurdere den samla belastninga av eit tiltak, jf. nml. § 10, burde planane for infrastruktur blitt lagt fram saman med søknaden om utsiktspunkt. Ny infrastruktur vil også påverke landskap og natur. Vegvesenet har no bestemt at Stalheimskleiva blir stengt for biltrafikk på grunn av store skadar på vegmurane. Dette endrar situasjonen totalt, og medfører mellom anna større trøng for parkering og toalett i tilknyting til kleiva, ettersom fleire besökande vil bruke lengre tid her, og ikkje lengre berre køyre ned kleiva. I dette tilfellet blir det vanskeleg å vurdere den samla belastninga av tiltaket.

I vurderinga av den samla belastninga er det også viktig å vurdere presedensverknaden dette tiltaket vil kunne ha for tilsvarende saker som gjeld bygging av turistattraksjonar inne i nærområdet. Dersom det blir gitt løyve til dette tiltaket, vil det kunne komme fleire søknadar om større tilrettelegging for turisme i nærområdet. Dette vil kunne vere negativt for verneverdiane.

Konklusjon

Sjølv med justert farge og teikningar som viser at utsiktspunktet vil vere lite synleg frå E16, er det ikkje til å komme utanom at det omsøkte utsiktspunktet er eit stort inngrep i landskapet, som vil vere godt synleg frå nærområdet, og som vil kunne påverke kulturlandskapet sin art



Nærøyfjorden verneområdestyre

og karakter negativt. Framleis er det store manglar ved søknaden som gjere det vanskeleg å vurdere den samla belastninga av tiltaket, men forvaltar meinar likevel at vi har nok kunnskap til å vurdere at dette inngrepet er for stort til at det kan gjerast unntak for det etter nml. § 48.

Verneområdeforvaltar ynskjer framleis å utfordre Voss herad til å tenke gjennom korleis ein kan utvikle Stalheimskleiva på bakgrunn av natur- og kulturverdiene som er der, utan store nye inngrep. I første omgang er det viktig å ferdigstille og sikre turstien. Det kan byggast eit toppunkt i form av ei enkel treplattform med rekkverk tilsvarande plattforma lenger nede på stien.